



Bent Risøy
Risøyvegen 110
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2756 - 16/33903

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Svar på søknad om SMIL-midlar til beiterydding på gbnr 81/1 Risøy

Søknaden:

Det vert søkt om SMIL- midler til rydding av beiter på gbn 81/1 Risøy

Dokument:

Søknad om tilskot, dagsett 16.08.2016
Kart i målestokk 1:2500
Bileter

Eigedomen/drift:

Det er ei heller stor drift på garden med storfehold og sau.

Forskrift / strategi :

Søknaden vert handsama i tråd med Forskrift for tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Lindås kommune sin tiltaksstrategi for bruk av SMIL – midlar 2016 -2019.

Saka vert handsam av Landbrukskontoret i kommunen etter delegert mynde frå rådmannen.

Vurdering:

Kommunen sine tilskotsmidlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket er avgrensa i høve til søknadsmengden og dette tilseier ei streng prioritering av søknadane. Likeeins når det gjeld tildeling av midlar til dei enskilde prosjekta. Likefult ynskjer Landbrukskontoret å bidra til at det vert beita i det omsøkte området og dermed sikra eit ope og velstelt kulturlandskap på Risøy. Tiltaket vil vere til glede for alle innbyggjarane i området.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Ryddeprosjektet består av 2 teigar på 40 dekar og 5 dekar. Utifrå flyfoto og vedlagte foto vil ein anslå at det er 75 % attgroingsgrad på det omsøkte arealet.

Sats for kostnad med beiterydding er inntil kr 3000 pr dekar i kommunen sin gjeldande tiltaksplanen. Ved 75 % attgroing vert det ein stipulert kostnad pr dekar på kr 2250,- Normalt vert det løyvd 50 % tilskot av kostnadsoverslaget.

Lindås kommune har som sagt begrensa med midlar. Å rydda 45 dekar er eit stort prosjekt som trygt kan delast opp i fleire søknader over tid. Difor løyver Lindås kommune i denne omgang tilskot til 30 dekar.

Det utgjør då eit godkjent kostnadsoverslag på kr 67.500 og ei løyving på kr 33.750,-

Godkjent timesats for eigen innsats vert sett til kr 300 pr time ved innlevering av sluttrekneskapet.

Verken plb.lov eller naturmangfaldslova kjem til anvending i denne saka.

Vedtak :

Søknaden er handsama etter §8 i forskrifta og det vert løyvd inntil kr 33.750. Dette beløpet utgjør eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av slike tiltak er 3 år frå løyvinga er gjeve.

Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1. desember 2019.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.

- **Til utbetaling vil konto 9365.15.91803 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bent Risøy

Risøyvegen 110 5955

LINDÅS